

Grupper med tilleggsrettar

Personar som har skaffa seg bil med støtte frå folketrygda har rett til 50 prosent rabatt på enkeltbillett for kjøretøy på fylkes- og riksvegferjer når bileigaren er med i bilen. 50 prosent rabatt blir òg gitt for ein personbillett, anten bilen blir ført av bileigaren sjølv eller av ein annan person i følge med bileigaren. NAV-kontora gir ut ein særskild legitimasjon som må visast fram saman med annan godkjend legitimasjon.

Fleire opplysningar

I «Rutebok for Norge» finn du fleire opplysningar om honnørrabatt. Der finn du også opplysningar om andre rabattformer som barnemoderasjon, moderasjon for vernepliktige og sivile tenestepliktige. Fleire opplysningar får du også frå næraste reisebyrå eller frå trafikkselskapa.

Honnør- rabatt

**50 prosent rabatt
i forhold til vanleg
personbillett
(enkeltbillett)**

Opplysningar om særlege rettार og

ordningar for døvblinde får ein frå:

Foreningen Norges døvblinde;

Pb 5922 Majorstuen, 0308 OSLO

E-post: fndb@fndb.no



Utgitt av:

Samferdselsdepartementet

Offentlige institusjoner kan bestille
flere eksemplarer fra:

Departementenes servicesenter

Post og distribusjon

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Publikasjonskode: N-0535 N

Trykk: Andvord grafisk

Design: Departementenes servicesenter

Opplag 40 000 – 01/2012



SAMFERDSELSDEPARTEMENTET

50 prosent honnørrabatt...

...blir gitt til...

- Personar over 67 år, mot framvising av godkjend legitimasjon (identitetskort frå Posten, bankkort, førarkort eller pass).
- Personar som har uførepensjon (etter folketrygdlova) med uføregrad 50 prosent eller meir og personar som er blinde – mot framvising av tilleggslegitimasjon frå NAV-kontora eller Norges Blindforbund.
- Ektefelle eller partnar (registrert etter partnerskapslova), utan omsyn til alder, som reiser i følgje med person med honnørbillett.



...for reiser med...

Som hovudregel blir det gitt honnørrabatt for innanlands reiser med transportmiddel som mottar offentleg stønad, uavhengig av reiseavstand.

Ordninga med honnørrabatt gjeld for:

- Jernbane, sporvogn (trikk), T-bane/forstadsbane, bil- og båtruter, fylkes- og riksvegferjeruter.
- Flyruter som mottar offentleg stønad (tilskott).



For ein del rutetransport som ikkje mottar stønad frå det offentlege, er det også ordningar med honnørrabatt.

Tilleggsytingar som soveplass, lugar m.m. må betalast etter vanlege takstar, sjølv om ein løyser honnørbillett.

Ordninga med honnørrabatt gjeld heller ikkje for billett for kjøretøy på ferje.

